

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 15/8194-5

## **Oppfølging av vedtak om omklassifisering av delar av fv. 4 til kommunal veg**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Hovudutvalet for samferdsle opprettheld sitt vedtak frå sak 13/12 om å nedklassifisere strekninga frå Ånneland til Skipavika på fv. 4 til kommunal veg.

#### Vedlegg:

Vedlegg 1: Brev frå Gulen kommune datert 6.1.2014

Vedlegg 2: Brev frå Gulen kommune datert 16.12.2014

Vedlegg 3: Brev frå Gulen kommune datert 28.5.2015 m/vedlegg

Vedlegg 4: Epost frå fylkesdirektør for samferdsle datert 4.2.2016 og svar frå ordførar i Gulen kommune datert 7.2.2016

Vedlegg 5: Brev frå Gulen kommune datert 11.5.2016

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

HS-sak 8/16 Skriv og melding dok. nr. 12 - Fv. 4 Gulen – kostnadsvurdering

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

I sak 13/12 vedtok hovudutval for samferdsle m.a. at strekninga Ånneland - Skipavika vert omklassifiserte frå fylkesveg til kommunal veg.

I brev av 6. januar 2014 (vedlegg 1) bad Gulen kommune om å få ei ny vurdering av vedtaket om nedklassifisering. Kommunen meinte det var kome til nye og viktige moment for at delar av denne vegen burde vere fylkesveg framleis.

Det er eit stort ønskje frå kommunen og Skipavika Næringspark AS om ny sambindingsveg på vestida av Sandøya mot Brandangersundbrua. Det vil føre anleggstrafikken frå næringsområdet og ferjekaia der.

Dersom ein kan få til ei løysing med ny veg, meiner kommunen at fv. 4 frå Skipavika til Ånneland kan nedklassifiserast til kommunal veg i den stand den ligg i dag.

Fylkesdirektøren meiner ut frå tidlegare vedtak i saka og trafikkmengda som er på vegen at vegen bør nedklassifiserast til kommunal veg og at utbetringa i utgangspunktet ikkje skal omfatte meir enn reasfaltering. Kostnaden med reasfaltering må løysast innanfor budsjettet til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2017.

Spørsmålet om bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua er etter fylkesdirektøren sitt syn ei sak som ikkje kan sjåast i samanheng med spørsmålet om omklassifisering. Dette må ev. vurderast som eit investeringsprosjekt i høve til arbeidet med ny regional transportplan som skal vedtakast i fylkestinget i 2017.

## **2. Bakgrunn for saka**

### Grunnen for at saka er fremja

Hovudutval for samferdsle behandla 23. mai 2015 sak 8/15 – Oppfølging av vedtak om omklassifisering av delar av fv. 4 til kommunal veg. Det vart gjort følgjande vedtak:

*Hovudutval for samferdsle utset endeleg avgjersle. Før saka vert behandla på nytt skal det gjennomførast drøftingar med Gulen kommune og Skipavika Næringspark AS for å avklare kva moglegheiter desse partane har for medfinansiering. I drøftingane bør fylkeskommunen delta med representantar frå både hovudutval for samferdsle og samferdsleadministrasjonen.*

Den 5. april 2016 vart det gjennomført eit møte med mellom Gulen kommune, Statens vegvesen og fylkeskommunen. Referat frå møtet følgjer saka som vedlegg 5.

Fylkesdirektøren legg no saka fram for hovudutval for samferdsle for avgjerd.

### Historikk - tidlegare vedtak

4. november 2010 var det opning av fv. 4 Sløvåg – Ånneland over Brandangersundet. Godkjent reguleringsplan for området legg til grunn at:

*"Eksisterande veg til Fivelsdal er fv. 4. Ved ein utbygging av ny veg frå Sløvåg til Ånneland så vil vegane frå Fivelsdal til Eidsbotn og til Furnes bli foreslått omklassifisert til kommunale vegar, eller fortsatt ha status som vegarmar til den nye fv. 4 frå Sløvåg til Ånneland. Ferjestrekninga Skipavik – Sløvåg vil bli foreslått nedlagt når vegstrekninga Sløvåg – Ånneland er ferdig bygd."*

Ved opning av ny fylkesveg frå Sløvåg til Ånneland vart ferjesambandet Sløvåg – Skipavika nedlagt. Det var behov for å avklare status på vegstrekningane Ånneland – Skipavika, Fivelsdal – Selvågen og Eidsbotnen – Fivelsdal.

Dette vart avklara gjennom vedtak i hovudutval for samferdsle (HS-sak 13/12) den 15. februar 2012 med følgjande vedtak om omklassifisering av delstrekningar på fv. 4 i Gulen kommune:

#### *1. Følgjande vegar vert omklassifiserte frå fylkesveg til kommunal veg:*


- a. Eidsbotnen – Fivelsdal, lengde ca. 6,9 kilometer*
- b. Fivelsdal – Selvågen, lengde ca. 3,5 kilometer*
- c. Ånneland - Skipavika, lengde ca. 6,4 kilometer*
- d. Skipavika ferjekai*

#### *2. Naudsynt utbetring av nedklassifiserte vegar må finansierast over vedlikehaldsbudsjettet.*

I brev av 6. januar 2014 (vedlegg 1) synte Gulen kommune til hovudutval sitt i vedtak i sak 13/12 og ber om å få ei ny vurdering av vedtaket om nedklassifisering av fv 4. Kommunen meinte det var kome til nye og viktige moment for at delar av denne vegen burde vere fylkesveg framleis:

- Skipavika Næringspark AS er etablert ved den nedlagde ferjekaia i Skipavika. Det fører til auka trafikk på fv. 4 mellom Ånneland og Skipavika. Mykje av denne trafikken er anleggstrafikk, og det er behov for vesentleg opprusting av denne vegen for at den skal tole denne belastninga.
- Det er eit stort ønskje frå Skipavika Næringspark AS om ny sambindingsveg på vestida av Sandøya mot Brandangersundbrua. Det vil føre anleggstrafikken frå næringsområdet og ferjekaia der. Den nye vegen vil verte om lag 2 km lang.

Dersom ein kan få til ei løysing med ny veg, meiner kommunen at fv. 4 frå Skipavika til Ånneland kan nedklassifiserast til kommunal veg.



Den 28. april 2014 vart det gjennomført møte med Gulen kommune og Statens vegvesen der oppfølging av vedtak om omklassifisering av fv. 4 til kommunal veg vart drøfta. I dette møtet meinte kommunen at strekninga Ånneland – Skipavika burde omklassifiserast tilbake til fylkesveg på bakgrunn av auka aktivitet. Kommunen skulle skrive brev til fylkeskommunen om dette. Hausten 2014 opplyste administrasjonen at fylkeskommunen opprettheldt sitt vedtak om omklassifisering av strekninga Ånneland – Skipevika til kommunal veg.

I brev datert 16. desember 2014 (vedlegg 2) ber kommunen om at det vert teken ei ny vurdering på denne vegen, då dei meiner at vegen kvalifiserer til å vere fylkesveg. Grunnen til dette er at det i 2013 vart starta opp mykje aktivitet på Skipavika.

Den 23. mai 2015 vart det lagt fram sak 8/15 til hovudutval for samferdsle om oppfølging av vedtak om omklassifisering av delar av fv. 4 til kommunal veg. Administrasjonen si tilråding var at vedtaket om nedklassifisering av strekninga frå Ånneland til Skipavika til kommunal veg vart oppretthalde. Hovudutvalet gjorde vedtak om å utsetje saka jf. omtale over.

I brev datert 28. mai 2015 (vedlegg 3) legg Gulen kommune fram eit initiativ for å få finansiert bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua. Gulen kommune seier seg villig til å overta den gamle vegen slik den ligg i dag dersom det vert bygd ny veg. Vedlagt brevet er eit kostnadsestimat frå Magne Hope AS om Totalentreprise veg Sverdhola til Skipavika, samt eit brev frå Kvernsøy Maskin AS om vurdering av vegstandard mellom Ånneland og Skipavik.

I styringsmøte 12. juni 2015 ber administrasjonen Statens vegvesen om å kvalitetssikre kostnadsestimatet på ny veg til Skipavika.

Statens vegvesen si kostnadsvurdering vart lagt fram for hovudutval for samferdsle som «skriv og melding nr. 12» i møte 9. februar 2016.

I hovudutvalet for samferdsle sitt møte 9. februar 2016 vart det også lagt fram e-post frå fylkesdirektør Velaug Veum og svar frå ordførar i Gulen Hallvard Oppedal (skriv og melding nr. 13). (vedlegg 4). Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak:

*«Det skal gjennomførast møte med Gulen kommune og leggjast fram sak for hovudutvalet etter møte er gjennomført».*

Den 5. april 2016 vart det gjennomført eit møte med mellom Gulen kommune, Statens vegvesen og fylkeskommunen (vedlegg 5).

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Ved opning av ny fylkesveg frå Sløvåg til Ånneland vart ferjesambandet Sløvåg – Skipavika nedlagt. Det var behov for å avklare status på vegstrekningane Ånneland – Skipavika, Fivelsdal – Selvågen og Eidsbotnen – Fivelsdal. Dette vart avklara gjennom vedtak i hovudutval for samferdsle den 15.02.12 med det vedtak som det er referert til ovanfor.

Ved oppfølging av hovudutvalet sitt vedtak ber Gulen kommune om at fylkeskommunen tek saka opp til ny vurdering og ber om at det vert bygd ny sambindingsveg på vestsida av Sandøya mot Brandangersundbrua. Dette er ikkje i tråd med føresetnadane i reguleringsplan vedteken av kommunestyret i Gulen 4. november 2010.

I desember 2013 vedtok fylkestinget Regional transportplan 2014 - 23 med handlingsprogram for perioden 2014-17. I handlingsprogram er det ikkje prioritert midlar til bygging av 2 km ny fylkeskommunal sambindingsveg på vestsida av Sandøya mot Brandangersundbrua. Det er vart sett av 2,7 mill. kr til nødvendige utbetringar av fv. 4 i samband med nedklassifisering og overføring til Gulen kommune.

I regional transportplan er det også vedteke 8 kriterium som grunnlag for funksjonsinndeling av fylkesvegnettet:

- Reiselengde og transport
- Samband mellom region- og kommunesentre, gjennomgangsvegar
- Befolkningkonsentrasjonar
- Vegtettheit
- Viktige kollektivknutepunkt
- Veggen sin omgjevnad
- Veggen sin funksjon i det nasjonale vegnettet
- Spesielle omsyn som omkøyringsveg for riksveg, del tunge kjøretøy, turisme mv.

Med utgangspunkt i desse kriteria er fv. 4 til Ånneland i funksjonsklasse D – lokal samleveg. Frå Ånneland til Sløvåg er fv. 4 lagt i funksjonsklasse E – lokale tilkomstvegar.

Funksjonsklasse D – lokale samlevegar er i Regional transportplan definert til å vere vegar som bind saman bygder og grender eller gir hovudtilkomst til bygd eller grend. I funksjonsklasse D vil det vere ei blanding av enkeltvegar og kortare samanhengande ruter. Viktigaste samband til turistmål eller større industriområde eller mellom mindre befolkningkonsentrasjonar. Desse vegane har også ein samlefunksjon for trafikk til eller frå vegar i funksjonsklasse B og C. Samlevegar i tettstader/byar høyrer også med i funksjonsklasse D. Dette er for det meste fylkesvegar med låg trafikk, årsdøgertrafikk under 500 kjt/d.

Funksjonsklasse E - lokale tilkomstvegar er i Regional transportplan definert til å vere vegar som primært har lokale funksjonar. Vegar i funksjonsklasse E fungerer som samlevegar og er dominert av tilkomst til bustader og verksemder langs vegane. I denne funksjonsklassen er det nokre fylkesvegar med svært låg trafikk og avgrensa funksjon. Det er også ein funksjonsklasse som passar for mange kommunale vegar.

Statens vegvesen sin kartteneste Vegkart viser ein årsdøgertrafikk (ÅDT) på 50 kjøretøy på strekninga Ånneland – Skipavika i 2015. Fv.4 frå Brandangervegen til Ånneland hadde i 2014 ein ÅDT på 150. 10 prosent av årsdøgertrafikken gikk med lange kjøretøy. Uti frå dette kan vi

konkludere med at det ikkje er stor trafikk på vegen, men vi ser at kommunen opplever det slik at det stor trafikk – særleg næringstrafikk som følgje av ny aktivitet på Skipavika.

Fylkesdirektøren meiner ut frå tidlegare vedtak i saka og trafikkmengda som er på vegen at vegen bør nedklassifiserast til kommunal veg. Gulen kommune har hevda at det må til ei kraftig opprusting av vegen før kommunen kan godta ei overtaking. Statens vegvesen har vurdert at det er tilstrekkeleg med reasfaltering for at vegen skal oppfylle dei tekniske krav som gjeld i høve til omklassifisering.

Etter veglova §7, 2. ledd heiter det:

*«Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggest ned eller gjerast om til kommunal veg».*

og vidare i §7 3. ledd:

*«Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet».*

Fylkesdirektøren legg opp til at kostnaden med utbetring av vegen (reasfaltering) må dekkjast innanfor løyving til drift- og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2017.

Dersom hovudutvalet vel å gå tilbake på tidlegare vedtak og behalde vegen som fylkesveg vil ev. vedlikehaldstiltak på strekninga blir vurdert i høve til dei ordinære prioriteringslistene for vedlikehald i Statens vegvesen.

Spørsmålet om bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua er etter fylkesdirektøren sitt syn ei sak som ikkje kan sjåast i samanheng med spørsmålet om omklassifisering. Dette må ev. vurderast som eit investeringsprosjekt i høve til arbeidet med ny regional transportplan som skal vedtakast i fylkestinget i 2017. Spørsmålet om ev. medfinansiering vart ikkje teke opp av kommunen på møtet 5. april.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det kome fram nye vesentlege moment i saka som tilseier at hovudutval for samferdsle endrar sitt vedtak om nedklassifisering av strekninga Ånneland – Skipavika. Fylkesdirektøren vil difor tilrå at hovudutvalet opprettheld sitt vedtak i sak 13/12.

Eit eventuelt nytt vegprosjekt frå Skipavika til Brandangersundbrua må ev. vurderast i samanheng med ny regional transportplan som skal vedtakast i fylkestinget i desember 2017.